



Morten Fosse

Referansar:

Dykkar:

Vår: 19/1323 - 19/13029

Saksbehandlar:

Olaf Michal Hella

olaf.hella@radoy.kommune.no

Dato:

11.09.2019

Kantine Sæbø skule - klage på vedtak

Viser til epost datert 3.9.2019 vedkomande klage på vedtak om å ta bort bemanning av kantina på Sæbø skule frå skuleårets start 2019.

Rådmannen har forståing for at ein ønskjer å behalde ordningar som ein meiner har vore positive. Formannskapet behandla saka i juni.

I ressurstildelinga for skuleåret fekk ikkje Sæbø skule ekstraløyving til kantinedrift. Bakgrunnen for dette er at skulane og alle elevane i Radøy og seinare Alver vert likebehandla og får eit likeverdig tilbod. Prioriteringane vert difor å bruke personalressursane på undervisning framfor matsservering

Rådmannen har henta inn informasjon frå skulen om korleis dei opplever at ordninga fungerer så langt. Tilbakemeldinga er at skulen ser at det er ulik mat i matpakkane, og dei får stadig spørsmål om kva som er «lov» å ha med. Skulen har tatt saka opp i foreldremøte og viser til nasjonale kostråd og at det er føresette sitt ansvar å gjere val for sine barn.

Skulen ser at veldig mange – dei aller fleste, har med seg sunn og næringsrik mat.

Elevane bruker kantina akkurat som før i samband med måltid, men i og med at kantina/kjøkkenet ikkje blir brukt før og etter på same måte (lage til mat og rydde opp), har det opna opp for auka elevaktivitet i dette lokalet. Skulen opplever meir ro kring måltidet no, då elevane ikkje «vandrar» til og frå for å forsyne seg.

Med helsing

Olaf Michal Hella
kommunalsjef oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Mottakarar:

Morten Fosse
Morten Fosse
Sæbø skule

Austesundvegen 2

5938

SÆBØVÅGEN